



Hordaland Fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1368 - 18/13127

Saksbehandlar:

Berit M.Eskeland

Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:

19.06.2018

## Avklaring – Revidert rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser

Vi viser til møte mellom Hordaland fylkeskommune, Statens vegvesen og Meland kommune den 15.06.18. Møtet vart haldt for å innarbeide Meland kommune sitt høyringssvar til revidert rammeplan, i tråd med vedtaket i fylkesutvalet 22.02.2018.

I møte 15.06.18 vart det avklart at FV 249 Rossland – Skjelanger vert endra frå blå klasse (mindre streng) til grøn klasse (lite streng) i tråd med Meland kommune sin vurdering i høyringssvar av 14.06.17.

I møtet vart det også avklart at FV 245 Moldekleiv – Ådland skal vere i grøn klasse, og ikkje blå klasse som vist i siste kartversjon. Strekninga er klassifisert som grøn i det opphavelige kartvedlegget til rammeplanen.

I Meland kommune sitt høyringssvar var det også eit ønske om å omklassifisere FV 244 Meland Aktiv – Fløksand via Dale og Brakstad og FV 250 Dale (Ungdomshuset) – Sandskaret frå blå til grøn klasse. Strekninga har låg ÅDT og lite utbygging, og er på mange måter samanliknbar med strekningane over. I møte orienterte vegvesenet om at dei meiner at desse strekningane bør vere blå av omsyn til trafikktryggleik, auka trafikk ved omkøyning og evt. utviding av vegtrasè på lengre sikt. Strekningane ligg sentralt i Meland og vil ha meir utbyggingspress enn meir perifere delar av kommunen.

I etterkant av møte har Meland kommune drøfta FV 244 og FV 250. Vi ser at dette er strekningar der det vil kunne vere eit noko større behov for å avgrense avkøyrslar og oppretthalde ei breiare byggjegrans. Kommunen vil akseptere vegvesenet si vurdering for FV 244 og FV 250.

---

### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Gunhild Raddum  
Marianne Skulstad

**Mottakere:**

Hordaland Fylkeskommune  
Statens vegvesen Region vest

Postboks 7900  
Region vest

5020  
6861

BERGEN  
LEIKANGER